

**Notat**Dato: 01.12.2017  
Arkivsak: 2014/12154-21  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Hovudarbeidsmiljøutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---


**Sjukefråvær HFK 3. kvartal 2017****Samandrag**

Sjukefråværet gjekk ned med 0,26 prosentpoeng i tredje kvartal, frå 5,55 prosent i 2016 til 5,29 prosent i 2017, ein reduksjon på 4,7 prosent. Reduksjonen gjeld begge kjønn, men størst for kvinner. Eigenmeldt fråvær auka noko, medan det legemeldte fråværet vart redusert.

Fråværet har gått ned i alle avdelingane i HFK med unntak av Eigedomsavdelinga, der fråværet hadde ei auke på 14,34 prosent.

**Statistikkgrunnlaget**

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen HR Analyse. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved barns/barnepassars sjukdom er ikkje med i denne statistikken.


**Sjukefråværsutviklinga over tid****Figur 1 Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1. kv. 2014 – 3. kv. 2017**

Fråværet i tredje kvartal 2017 var på 5,29 prosent, mot 5,55 prosent i tredje kvartal 2016. Dette utgjør ein reduksjon på 4,7 prosent. Kvartalstalet er det lågaste sidan 2014. For dei siste seks kvartala har vi sett ein reduksjon frå tilsvarende kvartal året før.

### Kjønnsfordeling


Sjukefråværet for kvinner gjekk ned frå 6,65 til 6,27 prosent, ein reduksjon på 5,8 prosent. For menn gjekk fråværet ned frå 4,07 prosent til 3,94 prosent, ein reduksjon på 3,03 prosent. Det er no ca. 59 prosent høgare fråværet for kvinner enn menn, dermed er skilnaden noko mindre enn for eit år tilbake.

**Figur 2:** Sjukefråværet i heile HFK, fordelt på kjønn, 3. kv. 2017 samanlikna med 3. kv. 2016



### Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefråværet

**Figur 3:** Sjukefråværet i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 3. kv. 2017 samanlikna med 3. kv. 2016.



Ein ser av figur 3 at eigenmeldt fråværet har auka noko, frå 0,65 til 0,75 prosent. Samstundes har det legemeldte fråværet gått markant ned, frå 4,90 til 4,54 prosent. Som det tidlegare er peikt på er dette ei ønskt utvikling.

## Fordeling på avdelingane

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

**Figur 4: Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 3. kv. 2017 samanlikna med 3. kv. 2016.**


	Tal tilsette	3. kv. 2016	3. kv 2017	Differanse	Differanse %
<b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>4416</b>	5,55 %	5,29 %	-0,26	-4,7 %
EIGEDOMSAVDELINGA	271	6,73 %	7,69 %	0,96	14,3 %
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	133	3,52 %	2,73 %	-0,79	-22,3 %
REGIONALAVDELINGA	64	6,60 %	5,59 %	-1,00	-15,2 %
SAMFERDSELSAVDELINGA INKL. SKYSS	111	7,34 %	3,70 %	-3,64	-49,6 %
BYBANEN UTBYGGING	40	10,96 %	6,28 %	-4,68	-42,7 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	85	6,53 %	2,50 %	-4,03	-61,7 %
TANNHELSETENESTA	392	9,28 %	9,24 %	-0,04	-0,4 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	3344	5,00 %	4,83 %	-0,17	-3,3 %

Det relativt høge fråværet i Egedomsavdelinga har samanheng med omstillinga i 2016, der reinhaldarane organisatorisk vart flytta frå skulane til Egedomsavdelinga. Ut frå det generelt høge fråværet for reinhaldarar har auken i Egedomsavdelinga dei siste kvartal vore pårekneleg.

Tannhelsetenesta har framleis høgt fråvær, jf. eiga tidlegare orientering i HAMU om tiltak for redusere sjukefråværet i denne avdelinga.

## Stillingsgrupper

**Figur 5: Sjukefråvær i heile HFK, pr. stillingsgruppe, 3. kv. 2017 samanlikna med 3. kv. 2016.**




Av figur 5 går det fram at dei fleste stillingsgruppene har redusert frávær 3. kvartal 2017. For nokre grupper har fráværet auka: Pedagogar, reinhaldarar og tannpleiarar. Tannhelsesekretærar har om lag same frávær som i fjor.

Fire stillingsgrupper skil seg ut med markant reduksjon i fráværet dette kvartalet: Driftspersonell, kontorpersoneill, miljøarbeidarar og rådgjevarar.

Det kan virke overraskande at sjukefráværet for pedagogar har auka, samstundes som fráværet i Opplæringsavdelinga som heile har gått ned. Forklaringa ligg i at alle dei andre stillingsgruppene enn pedagogar har hatt redusert frávær, dette vegar opp for pedagogfráværet, sjølv om denne gruppa er størst. Til dette biletet høyrer også at i tredje kvartal 2016 var framleis mange reinhaldarar tilsette i Opplæringsavdelinga, og desse hadde eit relativt høgt frávær.

## Aldersfordeling

**Figur 6:** Sjukefrávær i heile HFK, pr. aldersgruppe, 3. kv. 2017 samanlikna med 3. kv. 2016.



Av figur 6 ser ein at fráværet er redusert i aldersgruppene under 40 år og 60-69 år. For gruppa 50-59 har fráværet auka noko. (Gruppa over 69 år er svært lita, talet kan dermed ikkje leggast vekt på).